




# På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, E. Moe, B. Haukanes, J. Bruvik



## Kyrkjevalet 2023



### Valkandidatar soknerådet

- |                                      |                          |
|--------------------------------------|--------------------------|
| 1. Gullborg Marie Kongestøl Aasgaard | 6. Johannes Bruvik       |
| 2. Hilde Maraas Aarvik               | 7. Julie Langeland Vevle |
| 3. Thomas Walravens                  | 8. Monica Tjønnå         |
| 4. Lillian Høyæter-Svendsen          | 9. Tor Jellestad         |
| 5. Anne Gerd Tandstad                | 10. Eva Hellevang        |

### Generasjonsgudstenester, kva er det?

Frå og med i haust, vil du finna ordet «Generasjonsgudsteneste» i programmet for kyrkjelyden, medan «Familiegudsteneste» går ut. Tanken er at generasjonsgudstenestene skal passa for alle generasjonar – både små og store, yngre og eldre.

Brukar me ordet «familiegudsteneste», kan det kjennast ekskluderande for dei som ikkje har ein familie å ta med seg. Strengt teke er me vel alle ein del av den store «Guds familie», men no vert altså alle generasjonar oppmoda om å samlast til gudsteneste og fellesskap.

Ja, det er valtid også i kyrkja. Dei siste kyrkjevala har vorte haldne samstundes med kommunevalet i lokale i nærleiken. (Eigne rom i same bygning.) Slik vert det også i år. Måndag 11. september vert det val på Tysse skule, på Samnangerheimen og på Biblioteket på Bjørkheim mellom klokka 10 og 20.00.

For soknerådsvalet, har det berre kome ei liste inn. (Sjå faktaboks) Så valet her står mellom dei personane som står på lista. Kven vil du ha inn i rådet, og kven skal verta varamedlemer? Du kan gje inntil tre personar ei ekstra stemme og i tillegg føra på inntil tre nye om du ynskjer det.

I valet til bispedømerådet, er det i år heile 49 personar på fire ulike lister å velja mellom. Bønnelista, Frimodig kyrkje og Open folkekyrkje i tillegg til nominasjons-komiteen si liste. Gå gjerne inn på Bjørgvin bispedøme sine heimesider, der finn du kandidatane på alle listene.

Det vil også verta gjeve ut eit eige blad med informasjon om begge vala og kandidatane.

Om du ikkje har høve til å stemma på valdagen, kan du førehandsstemma. Hjå oss kan du gjera det i kyrkja på Haga tysdagar og torsdagar kl. 9.00 -15.00 i perioden 10. aug. til 8. sept., torsdag 31. aug frå 15.00 – 20.00 og etter gudstenestene 20. og 27. aug.

I tillegg går det også for første gong an å førehands-stemma digitalt på ein smarttelefon eller ei datamaskin. Dette finn du lettast ut av ved å gå inn på kyrkja.no, så på «kirkevalget 2023» og «her kan du stemme digitalt». Du kan også der finna ei rettleiing «Steg for steg,

### Godt val!

- Kyrkjekontoret



## Nye fjes på kyrkjekontoret

Frå 1. mai, gjekk kyrkjelydssekretær Bente Bødker ut i eit års permisjon for å prøva livet som journalist i Samningen. Som vikar for henne, har me fått Elisabeth Moe. Ho er 26 år, har slekta si i Samnanger og har delvis vakse opp her, men bur no på Garnes saman med mann og barn. Ho har m.a. utdanning som digital marknadsførar og har fagbrev i kontor og administrasjon. Mange av dykk har kanskje helsa på ho alt, eller i det minste høyrte den blide stemma svara i telefonen på kyrkjekontoret.



Frå 1. september av, vert det også byte i sjefs-stolen på kyrkjekontoret. Kyrkjeverje Britt Haukanes har gått delvis sjukmeld ei tid, og no er det tilsett ein vikar som overtek kyrkjeverjeansvaret (medan Britt slutfører eit prosjekt på gravplassen.) Berit Holgersen Steensen er 47 år gammal, og bur i Bergen med sin familie. Ho er teolog av utdanning, men har m.a. arbeid som kontorleiar på Danielsen Vidaregåande og som rådgjevar i Tro og Medier. Dette omfatta både redaktørarbeid, publisering, organisatorisk arbeid, administrering av digitale system og anna kontorarbeid, - så ho skulle vera vel rusta til jobben.



Me er glade for å ynskja desse to dyktige medarbeidarane velkomne til Samnanger sokn og lukke til i dei nye jobbane. Ta vel imot dei!

### Frå kyrkjeboka



#### Døypte

**09. april**  
Emma Fossmark Rolland

**23. april**  
Nora Tysseland

**30. april**  
Malvin Nyteveit

**20. mai**  
Sebastian Høysæter-Fjelddalen

**28. mai**  
Milena Marie Rekve Birkeland

**04. juni**  
Vilde Erdal Horne  
Ruben Langeland

**08. juli**  
Ylva Dís Kristoffersen

**09. juli**  
Ellinor Sætre Rosseland

**06. august**  
Bastian Lid Jessen



#### Vigde

**12. mai**  
Ageeva Zhanna &  
Olav Moss

**20. mai**  
Solhild Røen Hauge &  
Henrik Mogenes Gundersen

**24. juni**  
Oliverreen Dorothea Van Der  
Merwe & Morten Gregorius  
Tveiterås Aldal

**03. juni**  
Eirin Aadland Haga &  
Niklas Didrik Hellum

**01. juli**  
Eline Ling Samset &  
Håkon Mjelstad

**08. juli**  
Elsa Margrét Hilmarsdóttir &  
Björn Kristoffersen

**05. august**  
Martine Mjelstad  
& Thomas Andre Hjelleset



#### Gravlagde

**16. juni**  
Klara Marie Hodne Leknes

**21. juni**  
Nelly Pernille Langeland

**28. juli**  
Klara Pauline Dalane

**02. august**  
Magne Anton Kjeilen

**04. august**  
Marta Wiland